

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Frank Kvinge	FE-143	23/913

Saknr	Utval	Type	Dato
096/2023	Formannskapet	PS	16.10.2023
078/2023	Kommunestyret	PS	26.10.2023

Handlingsplan 2024 for Kommunedelplan idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vedtak:

Handlingsplanen 2024 for Kommunedelplan Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv vert vedteken i samsvar med konklusjon i saka.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Handlingsplanen byggjer på Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2017-2024, og skal reviderast kvart år. Kommunedelplanen er eit politisk dokument og eit styringsverktøy og skal vera noko meir enn ein rein anleggsplan.

I kommunedelplanen for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet vert satsing på folkehelse sterkt vektlagt. Målet er at flest moglege av innbyggjarane våre skal kunne delta i fysisk aktivitet, og at det vert tilrettelagt anlegg/område som kan gjera det lettare for fleire å driva ei eller anna form for idrett eller fysisk aktivitet.

I kommunedelplanen vert det og påpeika at nærleik til tilbod har sterk påverknad på aktivitetsnivået. For at tiltak skal koma i posisjon til å kunne søkja spelemidlar må dei vera med i handlingsplanen. Dette gjeld både ordinære anlegg og nærmiljøanlegg.

Masfjorden kommune vedtok i FS 029/2022 å utarbeida **temaplan for friluftslivet sine ferdselsårer**. Planen vart politisk handsama hausten 2022 og vedteken i kommunestyret 072/2022. Planen bygger på fleire måtar opp under målsetjingane i Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, og handlingsplan vil bli politisk handsama som ein del av denne planen.

Fakta/ vurdering

Under ser ein vedteken handlingsplan for 2023. Sakshandsamar har lagt til kommentarar/status på

dei ulike prosjekta.

A	Ordinære anlegg	Ansvarleg søkjar	Kommentar
1	Delprosjekt « Universell tilrettelegging ved dagsturhytte»	Masfjorden kommune	Tiltaket er ferdigstilt. Kr 720 000 i spelemidlar 2023.
2	Flomlys Nordbygda idrettsanlegg	Masfjord fotballag/ Masfjorden kommune	<p>c) Flomlys Arbeid fullført h-22. Søkar er Masfjord fotballag. Spelemiddelsøknad godkjend, men ikkje gjeve tilsagn grunna for lite statlege midlar til disposisjon både i 2022 og 2023. Søknad vert fornya innan 15.01.24 v/ sakshandsamar.</p> <p>Kommunal løyving kr 750 000. I tillegg kr 750 000 i kommunal løyving til veg og parkering. Dette tiltaket er ikkje spelemiddelberettiga.</p>
3	Rehabilitering av friidrettsanlegget, Nordbygda	Masfjorden kommune	<p>a) Fri-idretts løpebane inkl hoppegroper. Initiert og i prosess med kommunale ressursar. Det vart i 2022 innhenta prisar, men sett på vent grunna usikker kommuneøkonomi. Mål: Spelemiddelsøknad innan 15.01.24.</p> <p>b) Aktivitet i sektorane Spelemiddelsøknad ikkje påbegynt. Ev nærmiljøsøknad for kvar sektor. Kommunen er eiger, men er ikkje initiavtakar og planleggjar for innhald i desse områda. Kan rekna med at kommunen bidreg som medfinansior på det som er spelemiddelberettiga. Det som ikkje er spelemiddelberettiga må finansierast på andre måtar.</p>
4	Klubblokale ved Matre Idrettsanlegg	IL Bjørn West, Masfjord Fotballag, Matre skule	Søknad sendt 2023. Spelemiddelsøknad godkjend, men ikkje gjeve tilsagn grunna for lite statlege midlar til disposisjon. Søknad vert fornya innan 15.01.24 v/ sakshandsamar.
5	Gymsalgolv, Sandnes skule	Masfjorden kommune	Rehabilitering av dekke er tilskotsberettiga med kr 100 000. Pristilbod kr 454 960,- eks

			mva.
6	Varmestove Stordalen	IL BW	Tiltaket har eigar. Det er nedsett prosjektgruppe. Rådmannen ber om tilbakemelding dersom tiltaket ikkje er tenkt realisert.
6	Interkommunal fleirbrukshall	Uavklart	Næringslivet i Sløvåg har ferdig prosjektert prosjekt
B	Nærmiljøanlegg	Ansvarleg søker	
1	Turløype ved Nordbygda idrettsanlegg	Uavklart	
2	Nærmiljøanlegg ved Nordbygda idrettsanlegg.	Uavklart	

Universell tilkomst til dagsturhytta fekk tilskot i 2023 og går ut av planen for 2024.

For 2023 vart det og sendt fornya søknad for lys Nordbygda sentralbaneanlegg.

Søknaden er godkjend, men grunna for liten tildelingspott vart dei heller ikkje tildelt midlar dette året. Søknadane vert vidareført til 2024-tildelinga. For tida har Vestland eit etterslep på tildelingar på inntil fire år når det gjeld ordinære anlegg.

Arbeidet er ferdigstilt.

Etter at Skjelsundet ballbinge fekk tildelt spelemidlar i 2022 har kommunen for tida ikkje inne spelemiddelsøknader til nærmiljøanlegg.

Når ein dei siste åra har fått ferdigstilt fleire tiltak i planane er det viktig å setja fokus på gjenståande tiltak i handlingsplanen, men samstundes sjå framover og få inn nye tiltak som er viktige å få realisert i komande år, og som vil sikra gode og allsidige tilbod for innbyggjarane våre.

Dette kan td dreia seg om

- utbetring av fasilitetar ved dei mest kjende badeplassane, og gjelda td utbetring av sanitære tilhøve.
- utvikling av skitrekket m/ varmestove og forlenging av trekk som vil auka attraktivitet
- kunstgrasbanene
- tilrettelegging av turveggar. Jfr «Plan for friluftslivet sine ferdselsårer.»
- uteområda ved skulane

I dette idedugnadsarbeidet ønskjer rådmannen at Masfjorden idrettsråd har ei sentral rolle, og gir ev tiltak ein eigar.

Temaplan for friluftslivet sine ferdselsårer

I K-Sak 072/2022 vedtok kommunen «Plan for Friluftslivet sine ferdselsårer». Under pkt 7 står det at «tiltak kvar haust vert tekne med og prioriterte i samband med rullering av handlingsplanen for Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv.»

Det er viktig at ein får kartlagd slike tiltak og lagt dei inn i denne handlingsplanen. Også her støttar rådmannen seg på ev innspel frå Idrettsrådet. Det har ikkje kome inn framlegg til større tiltak som kan vera aktuelle å søkja spelemidlar til.

Når det gjeld mindre tiltak er det årleg sett av kr 30 000 til skilting og merking. Dette arbeidet er no i gang, i samarbeid med fjelltrimgruppene. For å kunne halda vedteken framdriftsplan på oppgradering av stiane de i neste tre åra vil behovet her vera kr 60 000 årleg.

Høyring

Idrettsrådet har i møte 03.10.23 kome med uttale til rullering av Handlingsplanen for Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet.

Rullering av Prioritert handlingsplan for 2024:

Ordinære anlegg:

1. *Flomlysanlegg ved Nordbygda idrettsanlegg*
2. *Friidrettsdekke på løpebane Nordbygda idrettsanlegg*
3. *Klubblokale ved Matre Idrettsanlegg*
4. *Rehabilitering av gymsaldekke Sandnes skule*
5. *Varmestove ved skitrekket i Stordalen*
6. *Idrettshall*

Nærmiljøanlegg:

1. *Integrert nærmiljøanlegg i sektorar ved Nordbygda idrettsanlegg*
2. *Ballbinge ved Nordbygda skule*

Det er ikkje gjort framlegg til endringar i eksisterande plan, med unntak av ballbinge ved Nordbygda skule. Dette er eit nytt tiltak Idrettsrådet ønskjer å ha med i planen for nærmiljøanlegg.

Konklusjon

På bakgrunn av innstilling og kommentarar frå Idrettsrådet, andre innspel og eigne vurderingar, innstiller rådmannen på følgjande

Handlingsplan for Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet for 2024:

A	Ordinære anlegg	Ansvarleg søkjar
1	Flomlysanlegg ved Nordbygda idrettsanlegg	Masfjord fotballag/ Masfjorden kommune
2	Friidrettsdekke på løpebane Nordbygda idrettsanlegg	Masfjorden kommune
3	Klubblokale ved Matre Idrettsanlegg	IL Bjørn West, Masfjord Fotballag, Matre skule
4	Rehabilitering av gymsaldekke, Sandnes skule	Masfjorden kommune

5	Varmestove ved skitrekket i Stordalen	IL BW
6	Idrettshall	Uavklart
B	Nærmiljøanlegg	Ansvarleg søkjar
1	Integrert nærmiljøanlegg i sektorar ved Nordbygda idrettsanlegg	Uavklart
2	Ballbinge ved Nordbygda skule	Uavklart

Temaplan for friluftslivet sine ferdselsårer 2024:

A	Mindre tiltak	Ansvar
1.	Skilting, merking og utbetring av stiar	Masfjorden kommune
B.	Større tiltak	Ansvar
1.	Ingen	

Formannskapet - 096/2023

FS - behandling:

Leiar for kultur Frank Kvinge møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

Handlingsplanen 2024 for Kommunedelplan Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv vert vedteken i samsvar med konklusjon i saka.

Kommunestyret - 078/2023

KS - behandling:

Saka vart drøfta.

Torill Torsvik Størkersen (Ap) sette fram forslag til nytt pkt 3 under overskrifta Nærmiljøanlegg:

Rehabilitering av nærmiljøanlegg som er eldre enn 10 år – opprinneleg søkjar

Framlegg til vedtak frå formannskapet med tilleggspunkt frå Ap vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Handlingsplanen 2024 for Kommunedelplan Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv vert vedteken i samsvar med konklusjon i saka med tillegg av nytt pkt 3 under overskrifta Nærmiljøanlegg:

Rehabilitering av nærmiljøanlegg som er eldre enn 10 år – opprinneleg søkjar